

# Kyrkjevalet

## 8.-9. sep. 2019

NR. 7.7.4

## Rettleiing for førehandsstemming

*NÅR VELJAREN ER MANNTALSFØRT I ANNA SOKN*

*10. AUGUST TIL 2. SEPTEMBER*

KYRKJEVALREGLANE § 9-4

VALHANDBOKA kapittel 7.7.4, side 85-86

### SKRIVE UT STEMMESETLAR

1. Finn bispedøme og sokn på valkortet til veljaren. Dersom veljaren ikkje har med valkort, kan riktig sokn finnast i soknesøket på kyrkja.no eller i medlemsregisteret.
2. Dersom veljaren er registrert i **anna sokn i eige bispedøme** (eller ikkje vil stemme ved bispedømmerådsvalet), skal ein laste ned stemmesetel for soknerådsval frå kyrkjevalet.no. Stemmesetlar for bispedømmerådsval tek veljaren frå valavlukket.
3. Dersom veljaren er registrert i **anna sokn i anna bispedøme**, skal ein laste ned stemmesetlar til både soknerådsval og bispedømmerådsval frå kyrkjevalet.no.  
  
I alle Bispedømer kan ein velje to eller tre lister, og det er viktig å **skrive ut eit sett med alle listene til val og ei blank liste**, på likt papir.
4. Stemmesetel for val av sokneråd skal skrivast ut på **kvitt papir**.
5. Stemmesetel for val av bispedømmeråd/ Kyrkjemøtet skal skrivast ut på **farga papir** (helst grønt).

6. Gje stemmesetelen/settet med stemmesetlar til veljaren, og be han/ho ta med seg dei ubrukte stemmesetlane. Dette for å sikre hemmeleg val.
7. Dersom det oppstår problem med å skrive ut stemmesetlar kan ein nytte eit kvitt ark. Sjå rettleiing på baksida.

### VIKTIG

Dei same reglane for førehandsstemming gjeld:

- Veljaren skal kunne velje stemmesetel og gjere endringar i einerom og usett
- To stemmemottakarar skal vere til stades
- Gje instruksjon for stemming og korleis ein kan endre stemmesetelen
- Dersom veljaren berre vil stemme ved eitt val kan han eller ho ikkje kome tilbake seinare å stemme ved det andre

Veljarar som kjem etter 2.september må visast til eige sokn for å stemme.

*fortsetter...*

## MOTTAK

Som ved ordinær førehandsstemming skal stemmesetlen brettast og stemplast.

Det skal ikkje kryssast i manntalet.

1. Ta i mot dei bretta stemmesetlane
2. Kontroller legitimasjonen til veljaren
3. Stemple stemmesetlane
4. Be veljaren legge stemmesetlane i kvar sin **stemmesetelkonvolutt** og lime igjen. Val til Sokneråd skal i kvit konvolutt og val til Bispedømmeråd/Kyrkjemøtet skal i farga konvolutt.
5. Valfunksjonær legg **stemmesetelkonvolutt** saman med valkort i ein **omslagskonvolutt**, og skriv «Inkluderer valkort» på omslagskonvolutten. Dersom veljaren ikkje har med valkort, skal **veljaren sjølv** skrive namn, fødselsdato og folkeregistrert adresse på omslagskonvolutten.
6. Stemmemottakar signerer på omslagskonvolutten og skriv dato, tid og stad for stemmegivinga.
7. Stemmemottakar fører opp førehandsstemminga i *Skjema 7.7.4: Liste over mottekne førehandsstemmer—vidaresending til andre sokn (vedlegg til valgstyrets protokoll)*.

## SENDING

Omslagskonvolutten skal snarast sendast til bustadsoknet i ein eigen **sendingskonvolutt**.

Adresse finst i soknesøket på kyrkja.no.

## FÅR IKKJE SKRIVE UT STEMMESETLAR

Dersom ein ikkje får skrive ut stemmesetlar, kan ein bruke eit blankt, kvitt ark. Der skriv veljaren «Val av NN sokneråd 2019» eller «Val til NN bispedømmeråd og Kyrkjemøtet 2019» i tillegg til den lista som veljaren vil stemme på.


Dersom veljaren vil endre på stemmesetlen, må alle kandidatane førast opp i riktig rekkefølge, før ein kan endre.

## KONVOLUTTAR

**Stemmesetelkonvolutt** bør vere i C5-format utan påskrift og skal vere **kvit** for soknerådsvil og **farga** for Bispedømmerådsvil, med moglegheit for å lime igjen.

**Omslagskonvolutt** kan vere kvit eller farga, og må vere stor nok til å romme inntil to stemmesetelkonvoluttar og valkort.

**Sendingskonvolutt** må vere av ein viss størrelse for å kunne romme omslagskonvolutten.



Omslagskonvolutt utan valkort:

Veljaren skriv namn, fødselsdato og adresse.

Stemmemottakar signerer og skriv dato, tid og stad.

## RETT TIL HJELP

Veljarar med nedsett fysisk eller psykisk funksjonsevne har rett på ein ekstra hjelpar.

Les meir i Valhandboka kapittel 8.8.6.